
Vår referanse 2021/53715-2
Dato 09.11.2021

KVINNHHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Søknad om fylling av overskotsmasser - gnr 82 og 83 bnr 4 - Kvinnherad kommune - Varsel om synfaring

Viser til brev datert 09.11.2021 med søknad om fylling av overskotsmassar på eit område som i dag er nytta som utmarksbeite på gardane Skåla 82/4 og Vang 83/4 i kvinnherad kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne knytt til arealet som er omsøkt utfylt. På Skåla er det frå før registrert svært mange lokalitetar med funn av førhistorisk busetjing, gravminne og enkeltfunn. Det er og gjort funn av utmarksminne lenger oppe i Skåladalen. Etter ei vurdering av det aktuelle området, finn vi det naudsynt å gjennomføre ei kulturhistorisk synfaring. Før vi kan gje fråsegn til søknaden, må vi vurdere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne.

Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er påkravd med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova §§ 3 og 11. Synfaringa av området vil bli gjort så raskt som råd.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Lars Øyvind Birkenes
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift